
Saksnr: 2021/4921-1
Saksbehandlar: Tom Arne Steinstad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		22.06.2021

Endringar av ferjeprisar som følgje av revidert nasjonalbudsjett 2021

Forslag til vedtak

1. Gitt at det i revidert nasjonalbudsjett for 2021 kjem midlar til reduksjon i ferjeprisar, blir prisane reduserte med 25% frå 01. juli 2021. Fylkestinget føreset at redusert inntekt på ferjene vert kompensert. Eventuell underdekning i 2021 må dekkast innanfor eksisterande budsjetttrammer.
2. I forslaget til revidert nasjonalbudsjett for 2021 blir perioden med 6 % MVA vidareført ut september 2021. Som følgje av dette blir ordninga +1 sone vidareført til og med september.

Samandrag

11. mai 2021 la regjeringa fram forslaget sitt til revidert nasjonalbudsjett for 2021.

Regjeringa foreslår 120 millionar kroner til ein 10% reduksjon av ferjetakstar i år, kor 55 millionar kroner går til dei fylkeskommunale ferjesambanda. Kompensasjon for reduserte ferjeprisar på fylkeskommunale ferjesamband i Vestland utgjør 14,2 millionar kroner.

Det er komme signal om at fleirtalet på stortinget er samd om ein 25 % reduksjon i ferjeprisar. Sjølv om fylkeskommunen ikkje har mottatt stadfesting på dette enno er det forventa at reduksjonen i ferjeprisar blir 25 %.

I forslaget til revidert nasjonalbudsjett for 2021 er det òg foreslått at perioden med 6 % MVA vidareført ut september 2021.

Denne saka skisserer korleis fylkeskommunen kan handtera ovannemnde.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Reduserte ferjetakstar

I revidert nasjonalbudsjett for 2021 foreslår regjeringa 120 millionar kroner til reduserte ferjetakstar i år, kor 55 millionar kroner går til dei fylkeskommunale ferjesambanda. Kompensasjon for reduserte ferjeprisar på fylkeskommunale ferjesamband i Vestland utgjer 14,2 millionar kroner.

Ifølgje regjeringa vil løyvinga i revidert nasjonalbudsjett leggja til rette for at ferjetakstane kan verte redusert med 10 % allereie andre halvår 2021, og dersom ovannemnde vedtak blir vedtatt av stortinget vil staten redusere prisane i AutoPASS-regulativet for ferjetakstar med 10 %.

Det er opp til kvart enkelt fylkeskommune å bestemma kva for betalingsløysing ein ønskjer på ferjene, men Vestland fylkeskommune har valt å følgja Autopass-regulativet for ferjetakstar, og å nytta staten sine billetteringsløysingar/baksystem.

- Fylkestinget i Hordaland vedtok i oktober 2019 å halda fram med implementeringa av AutoPASS-regulativet for fylkesvegferjene i Hordaland i tråd med tidlegare vedtak (PS 79/2019).
- Fylkestinget i Vestland vedtok 12. mai 2020 at fylkesvegferjesambanda i Sogn og Fjordane tek i bruk AutoPASS-regulativet for ferjetakstar (PS 26 /2020).

Utfordringa for Vestland fylkeskommune er at ein 10 % reduksjon i prisane vil medføre ein inntektsnedgang 17, 2 millionar, medan kompensasjonen frå staten utgjer 14,2 millionar. I tillegg er det i skrivande stund offentleggjort i enkelte media at fleirtalet på stortinget er samd om ein 25 % reduksjon i ferjeprisar. Sjølv om fylkeskommunen ikkje har mottatt stadfesting på dette enno er det forventat at reduksjonen i ferjeprisar blir 25 %. Det er heller ikkje kome anslag på storleiken på eventuell kompensasjon dersom reduksjonen blir 25 %. Ein reduksjon i prisane med 25% frå 1. juli vil medføre ein inntektsnedgang på om lag 41 MNOK for Vestland for resten av 2021.

Dersom storleiken på kompensasjon frå staten gir ei underdekning har fylkeskommunen følgjande 2 val rundt prisnedgangen på fylkesvegferjene:

1. Følgja prisjusteringa i Autopass-regulativet som reduserer prisane med 10% eller 25 %. Ei eventuell underdekning må dekkast innanfor eksisterande budsjetttrammer.
2. Fylkeskommunen kan følgja prisjusteringa i Autopass-regulativet, men samtidig gjere eigne prisendringar ved at dei aktuelle sambanda vert plasserte i ei høgare sone enn lengda på sambandet tilseier. Dermed vil prisjusteringa vera noko lågare, men også underdekninga vil vera lågare. Ei auke på 1 sone gir ein prisauke på omlag 7 prosent.

Sjølv om det er mogleg å endra pris ved å plassera samband i ei anna sone enn det lengde på sambandet tilseier er ikkje det optimal for kundane. Med ulik sonestruktur vil ein få ulike prisar mellom riks- og fylkesvegferjesamband av same lengde. Dersom prisane på fylkesvegferjene er vesentleg høgare enn riksvegferjer med tilnærma lik avstand, vil dette kunna føra til negative reaksjonar frå kundar og andre interessentar. Ved å følgja Statens vegvesen sikrar ein ei meir føreseieleg billettering i høve riksvegferjesambanda og samband i andre fylke.

MVA

Fylkestinget vedtok 12.05.2020 å ikkje endra billettprisane for reisande med fylkesvegferjene som følgje av at meirverdiavgift vart mellombels senka frå 12 til 6 prosent. Det vart vedtatt at prisane blir haldne oppe på eit tilsvarande prisnivå som før 1. april 2020 (PS 26/2020). Dette vart oppnådd ved at dei aktuelle sambanda vert plasserte i ei høgare sone enn lengda på sambanda tilseier.

I forslaget til revidert nasjonalbudsjett for 2021 blir perioden med 6 % MVA vidareført ut september 2021. Som følgje av dette foreslår fylkesrådmannen at ordninga med +1 sone blir vidareført til og med september.

Vedtakskompetanse

Vedtakskompetanse ligg hos fylkesutvalet, på bakgrunn av at saka er vurdert til å ikkje være av prinsipiell betydning, eller at avgjerdsmynde ligg til anna organ.

Hovudutval for samferdsel og mobilitet gjev normalt tilråding, men i denne saken er det naudsynt å treffe vedtak så raskt at det ikkje er tid å behandle saken i hovudutval for samferdsel og mobilitet.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Dersom fylkeskommunen følgjer prisjusteringa til staten utan eigne prisendringar ved at dei aktuelle sambanda vert plasserte i ei høgare sone enn lengda på sambandet tilseier, vil dette medføre ei underdekning på kr 3 millionar i 2021 som må dekkast innanfor eksisterande budsjetttrammer. Dette med utgangspunkt i den kjende fordelinga til fylkeskommunane gitt 10% reduksjon i ferjetakstane. Ein reduksjon i prisane med 25% frå 1. juli vil medføre ein inntektsnedgang på om lag 41 MNOK, og her er det i skrivande stund ikkje kjend kva midlar fylkeskommunen får i kompensasjon frå staten.

Klima:

Ikkje relevant

Folkehelse:

Ikkje relevant

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Reduserte ferjeprisar vil bidra til å utvikla gode tenester og eit framtidretta Vestland då mange brukar ferja i kvardagen sin, til og frå jobb og fritidsordningar. Også for næringslivet er dette positiv då det bidrar til å redusera transportkostnader.

Konklusjon

Gitt at det i revidert nasjonalbudsjett for 2021 kjem midlar til reduksjon i ferjeprisar, blir prisane reduserte med 25 % frå 01. juli 2021. Fylkestinget føreset at redusert inntekt på ferjene vert kompensert. Eventuell underdekning i 2021 må dekkast innanfor eksisterande budsjetttrammer.

Vidare rår fylkesrådmannen til at ordninga +1 sone som følgje av mellombels redusert meirverdiavgift blir vidareført til og med september 2021. Dette som følgje av at forslaget til revidert nasjonalbudsjett for 2021 er foreslått vidareføring av perioden med 6 % MVA ut september 2021.